

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 71	Utkommer hver måned	August 1936	Utgiver og redaktør: <b>Sogneprest Slaattelid</b> Davik	7. årg.
--------	---------------------	-------------	---	---------

### Sommer.

Gå ut, min sjel, betrakt med flid  
i denne skjønne sommertid  
Guds underfulle gaver!  
Se, hvor hvert lille blomsterpar  
sig underfullt nu smykket har  
på marker og i haver.

Hvert tre nu pranger med sitt løv  
og jorden dekker til sitt stov  
med sommergrønne klede,  
og skjønnere er liljens drakt  
enn Salomo i all sin prakt  
på gyllne kongesæte.

Velsign oss, Herre, med din ånd  
og plei oss med din egen hånd,  
så vi for dig må være  
som blomster små med liflig lukt,  
som treer fylt med yndig frukt  
til Jesu Kristi ære!

Dansk salme.

### Bekymringer.

Les Mat. 6, 24—34.

Livet er fullt av bekymringer av mange slags. Der er økonomiske bekymringer, der er foreldres bekymringer for sine barn, der er engstelser for ens fremtid, for helbreden o. s. v. Hvorfor er vi mennesker så fulle av bekymring? Det er fordi vi har syndet, fordi vi har trådt Guds bud under føtter. Og vi har satt mennesketanken og den menneskelige intelligens i høisætet i stedet for den levende Gud og hans bud.

Om vi gjorde alvor av å sette den levende Gud i høisætet i våre hjerter, i våre hjem, i våre byer og bygder, i vårt land? Om vi karte å si: Ikke jeg, men du. Om vi fikk den barnlige tro: Sørg o kjære fader du.

Da skulde vi ikke skjelte for vår fremtid, for vår helbred, for vårt land. Ti vi visste at alle ting skal tjene dem til gode som

elsker Gud. Og vi visste at dersom Herren ikke vokter huset er alt forgjeves. Den levende Gud i hjertet — alene i håp til Gud er min sjel stille, i ham stilles alle spørsmål, hos ham løses alle gáter. »Hvad jeg gjør, det vet du ikke nu, men du skal vite det siden.«

Ja, når den levende Gud bor i våre hjerter, da blir det slik som med en fattig gammel kone jeg besøkte i mine første prestear på Vestlandet. Hennes eneste datter og alderdoms trøst var blitt syk av tæring. Jeg syntes så inderlig synd i henne, men visste ikke riktig hvad jeg skulde si. Da tok den gamle sin salmebok og leste med skjelvende stemme: »Levnes intet mig tilbake, himlen skal mig ingen tage, eier ikke jeg et strå, himlen er mig nok å få.« Å hvor liten jeg følte mig i den stund, og hvor jeg ønsket mig den samme barnlige tro. Og ikke sant, min leser, om du og jeg kunde eie en slik tro i våre hjerter, da blev i grunnen livets mange slags bekymringer små og intet i sammenligning med det usigelige store: å være hans barn.

Herre, gi oss denne tro og tilgi oss all vår vantro og alle våre mangelhånde bekymringer. Amen.

Sogneprest Haslie i »Ukens Nytt».

### Kyrkjegang — noko sjølvsagt.

Mange veit kanhenda at stasminister Gunnar Knudsen var ein kristen med levande interesse for kyrkja. Det syntet han m. a. dermed, at han heilt åleine kosta Borgestad kapell som skal vera ei av dei vakraste landskyrkjer vi har, og han let Emanuel Vigeland pryda henne med fagre glasmålarstykke. Sogneprest Mollestad som i mange år var prest i Gjerpen, der Borgestad høyrer

til, fortel um Gunnar Knudsen, at han alltid var å sjå på sin plass under gudstenesta og regelmessig gjekk til altars. Og likeeins at gjestene hans fylgte med til kyrkje. Det var noko som skulde so vera. Ein spurde aldri etter um statsministeren skulde gå til kyrkje når det var gudsteneste, for det gjorde han alltid, som ein sjølvsagd ting.

I alle bygder og byar er der sume, som har ei slik stilling til kristentrua at dei aldri går til kyrkje.

Men so er der og ein større eller mindre flokk, som nok vil ha kyrkje, prest og kristendom, barnedåp, kyrkjeleg brudevigsle o. s. b. Men dei er sjeldan med i gudstenesta. Som regel er dei der ikkje; det er eit reint undantak at dei kjem. Dei veit at dei er gudsteneste i kyrkja deira, men dei sit heime.

Ein annan flokk, større eller mindre, er med i gudstenesta sundag etter sundag. Dei er i kyrkja på sin faste plass. Det er so sikkert, at dersom ein av dei er burte, so legg ein merke til det. Det er for dei ein sjølvsagd ting å vera med, liksom det for dei andre er noko sjølvsagt, at dei ikkje kjem.

Kva kjem det no av, at det i ein kyrkjelyd er stor kyrkjesøknad, i ein annan liten, i den eine mange regelmessige kyrkjegjengjarar, i den andre få? Sjølvsagt har ei sund vekkjing mykje å seia. Det syner seg ofte. So kunde ein tenkja at kyrkjesøknaden heng saman med kva prest ein har. Og delvis er det so. Men vi veit at der er sume luter av landet der kyrkjesøknaden i det heile er god, og andre strøk der han er liten. Det kan jo ikkje koma av at ein her har berre gode prestar og der berre mindre gode. Og det merkelege hender at i eit prestegjeld med to sokner kan kyrkjesøknaden vera liten i den eine sokna og framifrå god i den andre. Det har eg sjølv upplevt. Nei, det er her two ting som har mest a seia: s k i k k e n o g h e i m e n . I den eine av dei soknene eg nemnde, var det ikkje skikk å reisa til kyrkje. Men i den andre var det fast gamal sedvane som held seg den dag idag. Mest frå kvart hus kom folk til kyrkje, gamle og unge. Det var noko sjølvsagt.

Å for ei stor hjelp ein god gammal skikk er, serleg for dei unge. Vi skulde ta vare

på dei gode gamle sedvanane våre og verja dei mot alt som vil bryta dei ned.

Og so var det heimen. Kyrkja og heimen heng nöge ihop. Er det so at far og mor regelmessig sökjer til kyrkja, so vil det ofte verta noko sjølvsagt, at dei unge og gjer det. Ein høyrer ofte folk seia, at ein skal ikkje nøyda born og ungdomar til kyrkje-gang. Gudstenesta er for lang tid for dei, og der er mykje dei ikkje kan forstå. Ein må ikkje gjeva dei avsmak på kristendomen. O. s. v. Men gudstenesta varer då i regelen berre halvannan til to timar, sjølve preika berre ein halv time, og liturgien er avvekslande. Og eg vil nemna det som er mi røynsla, både i den krinsen der eg vaks upp, og i dei kristelege krinsar som eg har lært å kjenna i mi prestetid. Eg har gjort den same røynsla alle stader: Sværande ofte har dei unge i slike heimar vorte regelmessige kyrkjegjengjarar, og ofte upplevd dei so seinare i si tid ei sund åndelag vekkjing. Det er ein därleg skikk, når det vert slik at dei unge ikkje skal gå til kyrkje anna enn ved serlege høve. Alle foreldre og lærarar og andre som har med born og ungdom å gjera har her ei stor oppgåve: å halda uppe og elskar fram dei gode sedvaner og hindra at därlege veks fram.

Sjølvsagt: Ingen er ein levande kristen fordi um han går til kyrkje kvar einaste sundag. Men gudstenesta er ei stor hjelp til å verta ein verkeleg kristen.

Etter prost Jorgen Thronsen.

### Notisar.

**Doypte:** 21. juni: Klara og Bjørn g. f. 7. april av f. Arne Pedersson Bakkelid og k. Hilda Karlsdtr. (f. Lægeide).

**Ektevigde:** 23. juni i Vartdal Lars Kristiansson Rimstad og Gyda Olsdtr. Aarsæt, Vartdal. — 1. juli Alfred Myrvang, Berle, og Amanda Haldorsdtr. Stavø, Brut. — 1. juli August Siverisson Strand og Ragnhild Endresdtr. Olsbø.

**Ofring.** På heidningsmisjonsmøtet i Davik 28. juni kom inn kr. 252.42.

**Basarar:** Elde 7. juni til Sautalmisjonen og Indre sjømannsmisjon kr. 77.86 + bøsepenger 26.68, tils. 104.54. — Hamnen 13. april til gamleheimen 119.64; 24. juni til redningssaka 134 + flagsal 10. Haus 21. mai til kyrkje i Kjøsdal 131. — Maurstad og Rimstad 1. juli til gamleheimen 259.83 + gave fra H. Reksnes, Bergen, 25 kr.

**5. juli** heldt Davik kyrkje sitt 50-arsjubileum. Ved gudstenesta på fyrmiddag preika prost Nybø. Det vart bore fram helsingar av prosten, sokneprestane Løvoll og I. Slaattelid, formennene i Aalfot og Rugsund soknerad og ordføraren i Davik. Kl. 4 var det avduking av Frimann-steinen i firelinnen på Frimannslund. Der var taler av ordførar Leidal, Olaf Hanssen som heldt sjølve avdukings-tala, prost Nybø og soknepresten. Sangkora i Davik, Kjølsdal, Maurstad og Rimstad song »Strikk-visen» og »Ondt ofte lider». — Avdukinga vart kringkasta. Tilstutt var det vespergudstenesta ved Davik songkor med lensmann Rosenlund som dirigent og I. Slaattelid som liturg; soknepresten preika. — Det kom helsingstelegram frå fra Eide, kyrkjesongar Lauvsnes og kontorchef R. Frimann. Fru Eide gav til kyrkja eit glasmåleri av Frøydis Havarsholm, som eit minne um prost Eide.

#### Gudstenester.

- |           |                |                     |
|-----------|----------------|---------------------|
| 10. sund. | etter treein., | 16. aug.: Aalfot.   |
| 11.       | —              | 23. aug.: Davik.    |
| 12.       | —              | 30. aug.: Rugsund.  |
| 13.       | —              | 6. sept.: Totland.  |
| 14.       | —              | 13. sept.: Davik.   |
| 15.       | —              | 20. sept.: Rugsund. |

14. og 15. sundag vert det konfirmasjon i Davik og Rugsund.

**For 100 år sidan:** Døde: 2. aug. 1836 Synneve Olsdr. Ramsevig, 20½ år. 14. aug. Samuel Monsen Skorpen, gardmann, 42 år. 27. aug. Lars Samsonsen Aasene, karmann, 63 år. 11. aug. Erich Nielsen Brunsvig, husmann, 45 år. — Vigde: 2. aug. Knud Krabbestie, tjenestekarl, son til Bernt Knudsen, 26 år, og Synneve Krabbestie, 30 år, dotter til Joseph Rasmussen.

**Kvittering for kontingent.** R. Bortneskár, prost Nybø 5 kr. — Matias Bortne, Ane Bøen 2. — Josef Elde, Steffen Lofnes 2.50. Tils. kr. 19.00.

Hjartelig takk til alle.

#### Dikte av Claus Frimann.

##### 9. Om godt Grandelav.

Blandt bedste Ting som Himlen gav  
Er godt og roligt Grandelav.  
Det kibes ei for Penge.  
Et Sammenhold af Fredens Aand  
Hvor Grande rækker Grande Haand.  
Er det ei som et gyldent Baand  
Hvor ægte Perler hænge?

En yndig Mand, en yndig Brud,  
Som samles til et Par af Gud.  
Det er et Syn som glæder.  
Men Grande som i Hungers Nød  
Med Grande deeler sidste Brød,  
Det Syn kan giøre Steenen blod  
Saa du af Glæde græder.

Vær derfor Grandet! hvor I boe  
Med Haand og Mund hinanden troe!  
Boer, Grandemænd, som Brødre!  
I Grandekoner, deeler Raad!

Hinandens lærer nyttig Daad!  
Og tørre blikt hinandens Graad!  
Som Søstre hoer, I Mødre!

#### Kyrkjebyggjinga i Davik. IV.

Denne gongen vart det eit nederlag tor stiftsdireksjonen. I brev av 22. april 1880 seier kyrkjedepartementet, at det »med stiftsdireksjonen og de geistlige autoriteter må beklage den av kommunestyrelsen be-sluttede utsettelse med istandbringelsen av et passende og tidsmessig gudhus, men må dog — betvile at opførelse av ny kirke vil kunne fremtvinges ved rettergang«. — Soknestyret var no ovenpå og svara på ei ny fyreteljing frå stiftsdireksjonen, at det var uråd å fastsetja nokor viss tid for byggjinga. —

Likevel arbeidde soknestyret no iherdig med sak med det mål for augo å få kyrkja bygt på Haus. I 1879 fekk dei tilbod på material. Ola Haus og Rasmus M. Ervik reiste personleg til alle dei som gav tilbod og tala med dei. Godkjent vart tilbodet frå John Monsson Aaland; prisen var 7100 kr. Materialane skulde leverast vinteren 1879—80, men han fekk utsettjing til næste år, då det vart so dårlegt føre. I juni 1880 fast-sette soknestyret pliktarbeidet til byggjinga, 2 dagar for kvar skylddalar. I august averterar dei etter anbod på grunnmuren i Davik og på Haus, og ordføraren kjøper ein slipestein til bruk ved arbeidet. I sept. vert vedteke å merkja av tomtten for kyrkja. I oktober uppmodar soknestyret Ole O. Frimannslund, Peder O. Ytredavik og Martinus O. Frimannslund å seia frå, um dei står ved lov-naden sin å gjeva gratis grunn til kyrkje og kyrkjegard. I november ligg fyre til-bod på muren, millom andre eit frå M. Fri-mannslund, Ole J. Aasene, Peder K. Ytre-davik og Erik O. Ekornbakke. 20. desember 1880 gjorde so soknestyret sitt vedtak. Det billegaste tilbod på muren, dersom ein skulde byggja i Davik, var frå Lars L. Dale; det var på 5950 kr., 50 kr. mindre enn dei 4 davikarane vilde ha. På Haus vilde Dale føra upp kyrkjemuren for 900 kr. Folket på nordsida baud seg til å gjeva gratis grunn til kyrkja og kyrkjegarden, og å kosta muren utan utlegg for sokna, dersom kyrkja vart bygd på Haus. Soleis vilde sokna

spara 5950 kr.! Ein kunde då byggja straks, slik som dei kyrkjelege autoritetar ynskte. Skulde ein derimot byggja i Davik, kom det til å gå fleire år fyrr ein kunde gjera noko. Her var jo gode argument, og Ola Haus og H. Lefdal vart no pålagde å senda ny søknad til Kongen um løyve til å uppføra kyrkja på Haus. Det vart straks sendt protest mot dette frå M. Frimannslund m. fl.

Det vart no og ein hard strid um korleis kyrkja skulde stå, dersom ho vart bygd i Davik. Det var 2 alternativ A. og B. Soknestyret heldt på det fyrste, og motstandarane sa at det med vilje var gjort so meiningslaust som mogeleg. Folket i sjølve Davik, soknepresten, prosten og stiftsdireksjonen heldt på det andre. Det gjekk hardt fyre seg. Um sokneprest Lassens fråsegn heiter det i soknestyrevedtak av 7. febr. 1881: »En sådan løst henkastet subjektiv formening der ikke er ledsaget av nogensomhelst argumentasjon, finner forsamlingen, at der neppe kan tillegges nogen vekt, især da her tilkommer at sognepresten — noget som hver mann der kjenner ham vet, og som forøvrig ikke skal legges mannen til last — ikke er hvad man kaller praktisk anlagt«. Og um M. Frimannslund vert det sagt: »En fremgangsmåte som denne streifer meget nær inn på det kriminelle felt, og skal man om fornødiges nok vite å treffe nødvendige foranstaltninger i så henseende.«

Stiftsdireksjonen kravde at søknaden um byggjing på Haus skulde havast fyre i heile heradstyret og ikkje berre i soknestyret. Det heldt møte 21. april 1881. Her heldt handelsmann Friis ei kraftig tale mot flytjinga. Alle representantane frå Aalfot og Rugsund røysta imot at kyrkja vart bygt på Haus.

Det var jo upplagt, at søknaden ikkje kunde føra til noko resultat. Alle kyrkjelege instansar var imot. I august kom det brev frå departementet, at det ikkje kunde råda til at kyrkja vart flutt. Det spurde um soknestyret då gjorde krav på at saka vart lagd fram for Kongen. Det har ikkje vore gjort, for det var inga hjelp i.

No let soknestyret saka kvila. Men M. Frimannslund purra på. I januar 1882 sende han ny klage til stiftsdireksjonen over at ingenting vart gjort, og dessutan hevda han at materialane vart øydelagde, fordi taket

på naustet der dei låg, var utett. Soknestyret måtte »høiligen forbauses over den måte brevskriveren har optrådt» og meinte at timberet ingen skade leid, men kjøpte likevel 6000 takstein til å tekka med. Å setja nokor tid for byggjinga var uråd. Og so vart det vedteke — for tridje gongen — å senda søknad um å få byggja på Haus. Dette var i april 1882. I november kom det so kongeleg resolusjon at søknaden »ikke nådigst innvilges«.

Stiftsdireksjonen gav no etter soknestyret ei påminning um å byggja snarast mogeleg, men det berre vedtok å venta i 2 år; materialane laut verta turr, og det var ikkje pengar. Dei sökte stortinget um eit tilskot på 5 600 kr. (Framhald).

#### Det femte evangelium.

Hva er det for et evangelium? Det er jo kun fire evangelier: Mattæus', Markus', Lukas' og Johannes' evangelium. Jo, der er et annet evangelium som leses i vår daglige omgangskrets en hel del mere enn noget av disse fire. Det er ditt og mitt evangelium; det er evangeliet om Jesus Kristus således som han — ordet fra Gud full av nåde og sannhet — lever i oss. Dette evangelium kan leses av alle, selv av de mest uvidende

Der var en ung teologisk student som følte sig kalt til å gå ut som hedningemisjonær. Han var ikke særlig begavet, men han var et opriktig og godt menneske. Da han kom ut på misjonsmarken, falt det ham vanskelig å tilegne seg det fremmede sprog. De innfødte forstod ikke rett meget av hans tale, men der var noget annet de forstod. Da de en dag etter landets skikk satt i en rund krets på jorden og lyttet til en av sine læreres undervisning, blev det spørsmål opkastet: «Hva er det å være en kristen?» og ingen kunde besvare det. Tilsist pekte en av dem hen på den unge misjonær og sa: «Jo, det er å leve som han der lever». Ingen av dem kunde lese noget av de fire evangelier; men den kjære misjonærer daglige liv kunde hver og en av dem lese og tyde.

Det er som Paulus skriver til menigheten i Korint: «I er et Kristi brev som kjennes og leses av alle mennesker».